

Det er turstiar frå alle deler av kommunen med i prosjektet.
I tillegg til at stiane allerede ligg ute på www.visitsunnhordland.no
har vi no laga ei eiga side med oversikt over turstiane i Kvinnherad.

Desse sidene er bygd opp slik at ein enten kan søkja ut frå:

- eit geografisk område / bygder
- på kart
- vanskegrad på turstien / rullestol

Når ein går inn på sidene og klikkar på ein tursti vert ein sendt inn på www.visitsunnhordland.no. Sidene er på norsk, engelsk og tysk

Desse sidene har vi fått høve til årealisera med pengar vi har fått gjennom den store tursatsinga som Gjensidigestiftelsen har fått i gong i samarbeid med reiselivet og turfolket på Vestlandet.

Det er Salikat Design ved Åslaug Snilstveit som har laga sidene.

Vi håpar no at folk i Kvinnherad set pris på den fine oversikten over turstiane våre og at dei nyttar seg av dei gjennom året! God tur!

Helsing

Kvinnherad turlag og Kvinnherad turistinformasjon.